

VARMEHANDEL AS
Dyrskuvegen 4
3840 SELJORD
Att.Simon Jändel

Dato:01.12.2025
Vår referanse: 2025/8617-2
Sakshandsamar:Kjell Negarden

67/11 - Løyve til tiltak - reparasjon pipe - Vinjesvingen

Tiltak: Byggtekniske installasjoner - reparasjon
Tiltakets adresse: Brekkavegen 43, Brekkavegen 43, 3890 VINJE
Eigedom: 67/11
Tiltakshavar: RIKARD ROMTVEIT
Ansvarleg søkjar: VARMEHANDEL AS
Bruksareal:
Bebygd areal:
Bruttoareal:

Delegert vedtak: 234/25

Vedtak

Søknaden vert godkjent.

Det er gjeve løyve til reparasjon av pipe som omsøkt.

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår gjeve i PBL og byggteknisk forskrift TEK-17.

Saksutgreiing

Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3 registrert 20.11.2025. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 20.11.2025, jf. saksmappenr. (jnr.) 2025/8617-1 med vedlegg.

Tiltaket gjeld reparasjon av pipe til bustad. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

Naboar er ikkje varsla, tiltaket har ikkje innverknad for naboar.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjonen ser ut til å vera tilfredsstillande jf. pbl § 21-2.

Vilkår

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i pbl og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17).

Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi.

Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 17, kapittel 9 og i forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (Avfallsforskrifta).

Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest eller mellombels bruksløyve jf. pbl § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år eller vert innstilt for lengre enn 2 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort jf. pbl § 21-9.

Konklusjon

Vilkåra etter pbl § 20-3 med dokumentasjonskrav etter pbl § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeva løyve til tiltaket i samsvar med pbl § 21-4.

Ansvarsrettar

Ansvar for prosjektering	Tilt. klasse	Føretak	Organisasjonsnummer
Ansvarleg søkjar	1	Varmehandel AS	991 617 744
Rehab. pipe	1	Varmehandel AS	991 617 744
Ansvar for utføring	Tilt. klasse	Føretak	Organisasjonsnummer
Rehab. pipe	1	Ikkje oppgjeve	

Erklæringar om ansvar for det enkelte ansvarsområde må vere sendt inn før arbeid under ansvarsområde tek til.

Gebyr

Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ:

Løyve til tiltak – pipe : 490,-

Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2025)for byggesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato. Faktura vert ettersendt.

Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Negarden

rådgjevar byggesak

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
VARMEHANDEL AS

Kopi til:
RIKARD ROMTVEIT